

## Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.08.2019

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) tek informasjon om universell utforming av nytt fylkesbygg til orientering. RMNF ser at det nye fylkeshuset kan bli eit flott og innbydande signalbygg for befolkninga og for tilsette der universell utforming vert vektlagd.

RMNF vil påpeike nokre forhold:

- I tillegg til naturlege ledelinjer, må der lagast fysiske ledelinjer til sentrale deler av bygget,- til dømes til resepsjon og til fylkestingssalen.
- Når det gjeld fylkestingssalen, vil RMNF utfordra arkitekt og byggt tekniske fagfolk til litt meir vyer og spenstighet. Kvifor må bevegelseshemma tilvisast berre til 1. rad i salen? Rådet ber om at større deler av salen (fleire rader) vert gjort tilgjengelege for bevegelseshemma!
- Elektroniske hjelpemidler, informasjonstavler (obs for sol/gjenskin) og gode skiltløysingar må vektleggjast.
- For hørselshemma må oppdaterte teleslynger vere på plass. I tillegg må ein tenkje på støydempande tiltak, belysning og varslingsystem i heis med direkte tekst på display.

RMNF vil understreke at universell utforming må følgjast opp undervegs i heile plan- og byggeprosessen for å sikre at ting kjem med og blir rett installert. Rådet registrerer at der er sett ned ei brukerguppe og vil føreslå at representantar frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert med i denne brukergruppa.»

### Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) tek informasjon om universell utforming av nytt fylkesbygg til orientering. RMNF ser at det nye fylkeshuset kan bli eit flott og innbydande signalbygg for befolkninga og for tilsette der universell utforming vert vektlagd.

RMNF vil påpeike nokre forhold:

- I tillegg til naturlege ledelinjer, må der lagast fysiske ledelinjer til sentrale deler av bygget,- til dømes til resepsjon og til fylkestingssalen.
- Når det gjeld fylkestingssalen, vil RMNF utfordra arkitekt og byggt tekniske fagfolk til litt meir vyer og spenstighet. Kvifor må bevegelseshemma tilvisast berre til 1. rad i salen? Rådet ber om at større deler av salen (fleire rader) vert gjort tilgjengelege for bevegelseshemma!
- Elektroniske hjelpemidler, informasjonstavler (obs for sol/gjenskin) og gode skiltløysingar må vektleggjast.
- For hørselshemma må oppdaterte teleslynger vere på plass. I tillegg må ein tenkje på støydempande tiltak, belysning og varslingsystem i heis med direkte tekst på display.

RMNF vil understreke at universell utforming må følgjast opp undervegs i heile plan- og byggeprosessen for å sikre at ting kjem med og blir rett installert. Rådet registrerer at der er sett ned ei brukerguppe og vil føreslå at representantar frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert med i denne brukergruppa.

